

# Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

## SØKNADSSKJEMA 2017

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Søknad merkast med: "Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/13889"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

### Namn på tiltaket

Fv 343 VaksdalE16 (Duesvingen). Utbetring og fullføringa av tryggleikstiltak for gåande/syklende og trygg skuleveg.

### Søkjar (kommune)

Namn: Vaksdal kommunen

Adresse: Konsul Jepsensgt. 16

Postnr./stad: 5722 Dalekvam

Org.nr 961821967

Kontonr.: 3500.07.00418

Prosjektnr.:

Ressursnr.:

### Administrativ kontaktperson hjå søkjar

Namn: Gjertrud Karevoll

Telefon: 56594447

E-post: [Gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no](mailto:Gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no)

Mobil:91560795

Type trafikant	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Fylkesvegnr.	Status	Type tiltak	Framdrift
Kven er tiltaket retta inn mot?	Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva).	Tilskotssummen vil maks kunne vere på 4 million kroner. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.)	Tiltak kan berre gjerast på fylkesveg, men kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Kva er vegnummeret?	Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert. Kvar er tiltaket forankra?  - Ordførar - Kommunestyre - Trafikksikringsplan	Kva type tiltak er det?	Tiltaket bør ferdigstillast i 2017. Når kan tiltaket starta opp? (01.05.2017)  Når skal tiltaket vere ferdig?
Mjuke trafikantar	700.000,-	550.000,-	Fv 343	Ordførar	- Langs skuleveg - Punktutbetring	30.11.2017

## Omtale av tiltaket



Utgangspunktet for utbetring av trafiktryggleiken på fylkesvegen i Vaksdal sentrum var den tragiske dødsulykka i 2015, der ein skulegut omkom i samband med leik og vogntog frå Felleskjøpet sitt produksjonsanlegg. I lag med Statens vegvesen vart det utarbeidd ei tiltaksliste for fleire punktutbetringar langs fylkesvegen, i hovudsak intensivbelysning ved kryssingspunkt for gåande. Fylkeskommunen løyvde i 2016 kr. 1 mill. til arbeidet som vart utført i 2016. I etterkant har det synt seg at krava til utforming av intensivbelysning for kryssinga ved E16 er større en antatt, og krev 6 lyspunkt. Det er også andre fysiske tiltak i dette punktet som er nødvendig, og skildra:

Fylkesveg 343, ved kryss E16 og kommunal veg til Tveitane heiter Duesvingen, og det er denne søknaden gjeld. Utfordringa er at mange fotgjengarar, inkludert skuleelevar, må krysse vegen i eit kompleks trafikkmiljø. Kommunen har fått fleire bekymringsmeldingar, og det er obsvert fleire nesten-ulykker. Dette komplekse trafikkmiljøet vert forverra av fleire ytre faktorar, som at bilistar parkerer i eller nær krysset, og skapar både fysiske hindringar for gåande og sikthindringar. Gangbana utanfor ledegjerde er i tillegg i dårleg forfatning, er smalt og skrå, og parkerte bilar hindrar tilkoms.

Den 7. mars 2017 var kommunen på synfaring i lag med Statens vegvesen, og me identifiserte følgjande problem med stort potensiale for utbetring:

1. Parkerte bilar i og ved krysset, hindrar sikt og framkomst
2. Parkerte bilar i vegutvidinga ved enden av lederekkverk. Denne var tenkt til møteplass, men vert nytta til parkering, som også vanskeleggjer tilkomst innanfor ledegjerde.
3. Parkering på område mellom fylkesvegen og gangveg.
4. Utfordrande trafikkbilete med potensial for mange samtidige/sammenfallande hendingar.

I lag sette me opp ei tiltaksliste for å løyse dette, og den har i etterkant fått anslag:

Tiltak	Ansvar for å sjekke opp og gje til bakemelding	Bilete/merknad	Pris
Gjennomgang av skisse for intensivbelysning og behov for antal lyspunkt. Kvalitetssikre om antal lyspunkt er rett	Svv	Prosjektert skisse med 6 lyspunkt må nyttast.	73.000,-
Fotgjengarskilt med lys vil synleggjere gangfeltet betre, samt forvarsling	Svv		70.000,-
Breiare oppmera felt for fotgjengarkryssing	Svv		20.000,-
Utbetra/vøla eksisterande midtrabatt	Svv		100.000,-
Utvida gangbane innanfor ledegjerde. Mur og fast dekke.	VK		80.000,-
Forlenga ledegjerde, ev. skilte møteplass eller parkering forbudt.			17.000,-
Utforming slik at ingen kan parkere på gangbana.			
Høgare vegkant (granitt) i refuge og langs grøntareal sør for krysset. Planterekke langs veg, max 0,5 meter høgd vil hindre uønska parkering.	Svv		60.000,- 100.000,-
<b>Sum eks mva</b>			<b>520.000,-</b>
<b>Sum inkl mva</b>			<b>650.000,-</b>

I tillegg kjem byggherrekostnader, for mindre utbetningsarbeid om lag 30-40 %. Totalkostnad vert då rundsum 700,- eks. mva.

#### Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: 2017-05-01

Pårekna avslutta: 2017-11-30

Kan gjennomførast omgåande

*Vedlegg: Skisse til framdriftsplan*

#### Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Totalkostnad for tiltaket: 700.000,-

Søknadsbeløp for tiltaket: 550.000,-

#### **Evt. eigenandel**

Slik søknadskriteriene er utforma er det Vaksdal kommune som vil ha gjennomføringsansvar. Erfaringsmessig har me byggherrekostnader tilsvarande 5 % påslag. Differansen spart er då om lag kr. 150.000,-, som Vaksdal kommune påtek seg. Dette utgjør 28 % av kostnadene.

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrevet av 09.02.2017.

\_\_\_\_\_  
Dato/stad

\_\_\_\_\_  
Underskrift ansvarleg søkjar